

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 68

Fylke: Sör-Tröndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Stören

Emne: Bålbrenning på visse dagar i året.

Bygdelag: Haukdalsgrenda

Oppskr. av: Jens Haukdal

Gard: Haukdal

(adresse): Snöan

G.nr. 59 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Samtale med fleire.

SVAR

Namn.

1. Bålet har to nemningar her i grenda. Same nemningane blir bruka også i andre grender. Den vanlege nemninga er her: "rök" t.d. Pinstirök og pinsebålet.

2. Når det gjeld bål som blir brende i Pinsa eller ved St. Hans så er dei kalla: Pinstirök og St. Hansrök, men det siste har ikkje vore sers vanleg her i stroket. Det er mest berre i Pinsa at det har vore ålment å brenna bål. Noen få har brent St. Hansbål.

Bål som blir brende elles i året t.d. kvist og rusk som er rydd opp i skogeng eller kring utgardane inne på dei dyrka marker blir kalla å brenn ratvål. Ratvål er namnet på kvisthaugar som er lagt ihop ved dyrka marker og i skogenget. Bråttåbrand har også vore nemnt utan at ein kan seia at dette har vore nokon ålmen nemning her.

3. Ingen sernemningar som syner om bålet er stort eller lite.

Tida.

4. Det har ikkje vore skikk her å brenna bål i jula. Heller ikkje veit ein at dei sankar ved til slikt bål. Derimot veit ein at det var vanleg skikk å henta julgadd på sjölve julaftan. Dette var ved som skulle lysa og varma på den åpne elden i skorsteinen. (peisen)

5. "Julelog" er det ingen som hugsar. Derfor er det vanskeleg å seia om dette har vore bruka her.

6. Det har ikkje vore brent bål i påskehelga.

7. Bål på påskemorgonen er heller ikkje kjent her.

8. Det vart brent bål

a. Jonsokkvelden og

b. pinselaurdag og elles kvar kveld

så lenge pinsa vara. Ungane brende då gjerne bål kvar

kveld ei veke til ende.

c.Syftesok-kvelden og d.Olsokkvelden har ikkje vore bål-kveldar her.

9.Stölseld er ikkje kjend her.

10.Det har ikkje vore vanleg å gjera opp eld og driva krötera gjennom røyken eller liknande.

11.Jonsokbålet eller St.Hansbålet vart tenda om kvelden sjölve St.Hansdagen.

12.og 13.Bålet vart tenda så snart folket var ferdige med å stella dyra,og bålet brand i regel heile natta.

Staden.

14.Båla vart tenda på faste stader kvart år.I regel var det ein eller fleire faste bålstader i kvar grend,men det var oftast ein stad som samla mest folk.Her samla ungdom og born seg til leik og ymse slag moro.

15.Det vart alltid brent på same staden enten det no var Pinstirök eller St.Hansbål.

16.Det var ikkje vanleg å brenna på kvar gard,men det ser ut til at det vart brent på hovudbruket i kvar grendadel. Frå gammal tid lyt ein derfor gå ut ifrå at det vart brent på kvar gard.Her i Haukdalsgrenda har vi den dag i dag nemninga "Nordpå gara" om nördre part av grenda og "Sö-på gara" om söndre part av grenda.Av desse namna kan ein slutta at det opphaveleg var to gardar,og det har vore fast bålstad i begge partane av grenda."Nordpå gara" var det meir folk samla enn "Söpå gara".

17.Bueld er ikkje kjend her.

Dei som steller med bålet og tenner det.

18.Alle var med på å brenna bål her,men det var no mest dei unge som kom saman kring bålet.

19.Alle kunne vera med på å brenna bål her.

20.No er det mest borna som held skikken oppe.

21.Frå kring 1920-25 kom ungdomslaga med i leiken rundt båla.Det vart da folkeviseleiken som rådde grunnen.

22.Her er ingen fabrikkar i stroket og såleis er det ikkje kjend at fabrikkeigarar har brent bål for folka sine.
Korleis dei bygde bålet.

23.Der bålet har vore brent vil ein finna ein ring av steinar.Steinane var lagt i runding og bålet vart tenda over desse steinane.Men etter kvart som kvelden gjekk vart bålet vüidare og vidare slik at det flaut ut over steinringen.

24. Her i grenda har det vore vanleg å brenna av det som fans på staden. Somme gonger har dei brent tjurukvarter oppsette på staur, men mest vanleg har det vore å bruka einer, gran og furubar.
25. Figurar i menneskeskapnad har ikkje vore brent her.
Korleis dei fekk bålvyrke.
26. Ein har ikkje hørt gjete at det vart kjøpt vyrke til båla her.
27. Heller ikkje veit ein døme på at alle skulle yta noko til bålet.
28. Det har heller ikkje vore skikken å ta ting som låg og slong, og heller ikkje å stela til bålet. Dersom ein da ikkje kan kalla det for å stela når veden vart tatt i skogen ved bålstaden, men så har vi den haken at skogen på stadene der bål har vore brent her i grenda har vore sameige. Bålstade-ene både "nordpå" og "söpå" garda har vore i geilmunninga d.v.s. der kyrne blir jaga på beite i utmarka. Her er det sameige den dag i dag.
29. Ikkje noko namn på stolen ved.
30. Ingen tradisjon om slikt.
Korleis bålet skulle vera.
31. Dei båla som vart brende skulle vera like store. Det kom mest an på kor lata dei var til å samla kvist og rask til bålet.
32. Det var om å gjera å få til mest røyk. Røyken var det som avgjorde om brenninga verkeleg var noko tess.
33. Bålet skulle ryka mest mogleg. Det var ingen som sette pris på logebrand.
34. For å få bålet til å ryka vart det lagt på torv og mose.
35. Ein veit ikkje av at det skulle spruta gneistar av bålet.
Kva bålet skulle tena til.
36. Ein veit ikkje av at elden eller røyken skulle driva bort noko.
37. Ein veit heller ikkje av at elden eller røyken skulle vera bra for krötera.
38. Ungdomen kasta brandar etter kvarandre, men det vart sett på som rampestreken.
39. Somme har sagt at røyken skulle stiga rett opp. Det var eit dårleg teikn om han slo seg nedåt marka eller dreiv bort gjennom skogen. Dette skulle vel tyda på at skikken

4
~~ett~~ heng att frå heidendomen. Eit minne frå gammal kultus utan at nokon i dag kan seia kva det skulle vera godt for. Det har vore ymta om at det skulle vera ei hylling til ljuset og voksteren - og ved St. Hans skulle ~~det~~ vera ei helsing til sola som da er på det högste.

Dette at røyken helst skulle stiga rett opp heng sikkert saman med ofringa til Jacob og Esau. Nemleg at Herren måtte sjå med velvilje til ofringa.

Sjölve festen ved bålet.

40. I pinsa vart det kalla Pinstirök. St. Hansbål har ikkje vore så vanleg her at det har festa seg noko sikker nemning til dette.

41. Frå gammalt har det også vore mest dei unge som leika rundt båla. Dei eldre sat helst heime og kosa seg der etter endt arbeidsdag.

42. Ungdomen heldt seg kring bålet heile natta.

43. Det hende nok at dei drakk ved bålet, men det vart ikkje sett på med blide augo. Etter at ungdomslaga tok til å halda fest med bål hadde dei kaffe og mat med seg.

44. Leiken gjekk for seg på leikvollen like attmed bålet.

45. Ungdomen hoppa over det nedbrende bålet og sprang gjennom røyken.

46. Å springa gjennom røyken vart det drive mykje med. Di tettare røyken var di likare var det.

47. Ein veit ikkje av at nokon tok med seg kol frå bålet og gjömte.

48. Det var mykje vanleg å skå "kölsmell". Det gjekk for seg på den måten at ein leita ut ei stor og lysande glo frå elden. Di større gloa var di likare var det. Gloa vart lagt på ein stein. Så vart ho blåse kvitglöande. Så spytta ein i gloa og slo til henne med ökshammaren. Det vart da ein dugleg smell som ikkje stod noko attende for dei kvassaste geværsmell. Ein gammalungkar som var mykje med ungdomen på brenninga var beste karen til å få kvass smell. Han sa då: "No vart trolla redd"

Skikken i dag.

49. I dag blir det brent bål som i gammal tid. Noko oppgåve har ikkje brenninga, men det er no tradisjonen da.....

50. Skikken har halde seg slik han er i dag.

51. Skikken held seg på same högd som i gammal tid. Han har korkje auka eller minka.

Jens Haukdal.